



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR

1
ROGALAND

1945

Namnet på vatnet

Blure Skokkveden

Kommune

Skarvanger

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

S T O R E S T O K K A V A T N E T

Fiskeanalyse 1975.

Den 30. september 1975 vart det foreteke eit prøvafiske i Store Stokkavatnet for å få konstantert resultatet av den fiskeutsettinga som har vorte foreteken i seinare år.

Forutan formannen i Stavanger Innlandsfiskenemnd, Bjarne Onarheim, var fagassistent Waatevik og underskrivne med på prøvafisket.

Det vart sett ut 5 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 17 aurar.

Ein tok prøver av alle fiskane, og av desse var 6 røde, 10 lys-røde og 1 kvit i fiskekjøttet.

Vidare var der 7 hanfiskar og 10 hofiskar.

10 av fiskane var angripne av måkemark.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvafiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	4,5	9,1	14,4	20,4	25,5	29,6	37,5
Årleg lengdetilvekst	4,5	4,6	5,3	6,0	5,1	4,1	7,9
Antall fiskar	17	17	17	17	16	8	2

Medel kondisjonsfaktor = 1,10 tilseier fisk av mykje god kvalitet.


På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Stokkavatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).

Som vi her vil sjå, syner auren i Stokkavatnet ein god lengdetilvekst. Det oppsvinget ein får ved 6 års alder skuldast berre 2 fiskar som var vesentleg større enn dei andre. Desse 2 fiskane var sikkert "innfødd" fisk og har såleis ikkje noko med utsetjinga å gjera.

Konklusjon.

Ut frå det foretekne prøvafisket kan vi slå fast, at resultatet av utsetjinga er fullt ut tilfredstillande.

Medelvekta av prøvafiskane var 278,2 gram og medellengden 29,1 cm. Vekstkurve og kondisjonsfaktor tilseier god vekst og mykje god kvalitet.



Praktiske tiltak.

Sumaren 1975 vart vatnet opna for stangfiske og dette fisket skulle ein nå kunna fortsetje med i åra framover, under føresetnad av at utsetjing av settefisk held fram omlag som før.

Vi vil tilrå, at fiske berre blir tillete mot leysing av eit rimeleg fiskekort, i tillegg til det ordinære fisketrygdavgiftkortet. Dette for å få fisket inn i meir faste former, vidare for ein interessant statistikk og endeleg for å få nokre kroner i kassen.

Det var ynskjeleg om alle grunneigarene til Stokkavatnet ville gå saman i eit fiskelag (grunneigarlag), slik at stangfiske

kunne bli tillete rundt heile vatnet, Lukkast ikkje dette, må fisket føregå der kommunen rår grunnen.

Generellt sett, må ein framleis ikkje drive garnfiske etter aure. Likevel må ein, i eit avgrensa tidsrom om hausten, kunne tillate fiske med stormaska garn for å hauste ein del av den større fisken i vatnet. Garn mindre enn 14 omfar bør ikkje brukast.

I det heile må all fisking i vatnet føregå etter retningsliner frå Innlandsfiskeremnda.

Kor stor avkastning Stokkavatnet vil kunne gi, er det vanskeleg å seia noko sikkert om, men det er grunn til å tru at 10 - 12 kg. pr. ha. ikkje er så av laget. Den årlege avkastninga vil i såfall bli ca. 2 500 kg.

Som nemnt i tidlegare meldingar herfrå, så har Stavanger Innlandsfiskeremnd v/ formann Onarheim lagt ned eit særstort og verdfullt kultiveringsarbeid i Stokkavatnet, og som fleire og fleire i åra framover vil ha nytte og glede av.

Etter som kultiveringsarbeidet i Stokkavatnet ser ut til å ha kome inn i meir faste former nå, var det ynskjeleg om Innlandsfiskeremnda ville slå eit slag for Hålandsvatnet. Stavanger kommune er også grunneigar til ein del av dette vatnet, og tilhøva for fiskeproduksjon er minst like gode i Hålandsvatnet som i Stokkavatnet. Underskrivne vil i såfall stå til teneste for Innlandsfiskeremnda m.o.t. kultiveringstiltak i Hålandsvatnet.

Stavanger den 30. mars 1976.

Einar Berg.